

# ÅRSMELDING

Hordaland Bygdekvinnelag 2021



**Årsmøte**  
**på Brakanes Hotell**  
**19.-20.mars 2022**



## INNHALD :

---

|   |    |
|---|----|
| Kontaktinfo til styret i Hordaland Bygdekvinnelag | 4  |
| Årsmøtesongen                                     | 5  |
| Velkomen ved vertslag                             | 6  |
| Helsing frå distriktsstyret                       | 7  |
| Protokoll frå årsmøte 2021                        | 9  |
| Utval og representasjonar 2021-2022               | 13 |
| Arbeid i distriktsstyret                          | 13 |
| Resultatrekneskap 2021                            | 15 |
| Balanse 2021                                      | 16 |
| Varelagerliste                                    | 17 |
| Hordaland Bygdekvinnelag si eiga                  | 18 |
| Årets Bygdekvine                                  | 19 |
| Bygdekvinnestreif på Aga                          | 20 |
| Helsing frå Vestland Bondelag                     | 22 |
| Frå lokallag                                      | 24 |
| Oversikt over utleige i lokallag                  | 32 |
| Bygdekvinnelaga i Hordaland                       | 34 |
| Bilete frå året som gjekk                         | 36 |

---

Årsmeldinga er trykt i 110 eksemplar.

## Styret i Hordaland Bygdekvinnelag 2019/2020

### Leiar

Àsa Gunnarsdottir (Ulvik) Tlf. 95479727 [asa.gunnarsdottir@ulvik.org](mailto:asa.gunnarsdottir@ulvik.org)

### Nestleiar

Brita Dagestad Bjørke (Voss) Tlf. 95109975 [brita.d.bjorke@gmail.com](mailto:brita.d.bjorke@gmail.com)

### Styremedlemar:

Kasserar: Helga Fossheim Tlf. 91850257 [helgafossheim@hotmail.com](mailto:helgafossheim@hotmail.com)

Skrivar: Siv Helle Prestegard Tlf. 92245880 [siv22h@hotmail.com](mailto:siv22h@hotmail.com)

Styremdlem: Esther Falk Tlf.97482887 [esther.lundshagen@outlook.com](mailto:esther.lundshagen@outlook.com)

1.vara Turid Njåstad-Osterøy Tlf.91765853 [turidbn@gmail.com](mailto:turidbn@gmail.com)

2. vara Therese Rykkje Tlf. 97678274 [rykkje\\_t@hotmail.com](mailto:rykkje_t@hotmail.com)

3. vara Guro Holmberg Tlf. 95947256 [guro.kh@live.com](mailto:guro.kh@live.com)

### Hordaland Bondelag (HB) sin repr.:

Kjersti Hjelmeland Tlf. 91165448 [kjersti\\_lenda@hotmail.com](mailto:kjersti_lenda@hotmail.com)

### Hordaland Bygdeungdomslag (HoBU) sin repr.:

Nils-Arne Rykken Tlf. 47940831 [moaren65@outlook.com](mailto:moaren65@outlook.com)

## Årsmøte-songen

Mel: Sov du vesle spire ung.

Norges bygdekvinnelag  
løfter høgt si fana,  
brukar tida dag for dag  
alltid er på bana.  
Kvinner vil og kvinner kan,  
byggjer bru, gå hand i hand.  
For eit trygt og velstelt land  
vi til kamp vil mana.

Heim, familieliv så visst  
er vårt mål å freda.  
Born som fødest, veks og trivst.  
Livets største gleda!  
Skulen vår og god kultur,  
arbeidsplassar der vi bur.  
Flukta bort frå bygda snur.  
Kvinner har idear.

(skriven av Mona Skrede)



**Hordaland**

Jorda vår med alt som gror,  
den er fundamentet,  
for alt liv og mat på bord  
vi frå den må hente.  
Bruk den rett - vår bodskap stor:  
Reint miljø er meir enn ord.  
Handling, tel og kurs og ror.  
Vi kan ikkje vente.

Utan kvinner er det sagt,  
bygde-Noreg stansar.  
Difor trengst det dagleg vakt,  
kløkt og opne sansar.  
Kvinner rett vi fram skal stri.  
Og vi vil i bygda bli.  
Vår ressurs til landet gi.  
Arbeidskraft og ansvar.

## Helsing frå vertslaget



Ulvik Bygdekvinnelag har trass pandemi gjennomført mange av dei planlagde aktivitetane. Nytt dette året var laget sitt årlege jonsokbryllaup som vart utvida til å vera ei jonsokfeiring for heile bygda. Det var prosesjon med spelemann, servering til brurefylgje, sal av is og brus, leikar og bålbreining. Veret var på vår side, så dette vart ein fin midtsommarkveld for både små og store.

I november møttest engasjerte bygdekvinner som gjerne ville læra meir om å baka flatbrød. To av medlemmene våre møtte godt førebudde med deig, kunnskap og fine bakehistoriar. Dei rettleia og hjelpte oss andre på ein framifrå måte. Her fekk kvar og ein prøva bakekunsten, og stabelen med flatbrød vaks, medan praten gjekk livleg.

Kvelden vart avslutta med smaking av baksten saman med litt spekjemat og lokal eplesaft.

Laget skipar årleg jolemesse med sal av lokalt handverk og mat. Sist i november vart messa halden i romslege lokale i Fleirbrukshallen. Mange ustillarar deltok, messa vart godt besøkt, der dei besøkjande i tillegg til å handla, kosa seg med kaffi og kaker i messekafeen.

Restriksjonar gjorde at det i periodar var vanskeleg å møtast fysisk. Som eit alternativ vart det i mars arrangert eit digitalt medlemsmøte på Zoom «Kviss med hatt og vin». Både det tekniske og gjennomføringa fungerte godt, så dette opplevde me som ei god alternativ møteform.

Andre aktivitetar gjennom året har vore: Kurs i dyrking av grønsaker i eigen hage, ein kveld for å koma i gang med perlebelte til bunad, og vandretur på ein strekning av den «Historiske vandreruta Osa – Hallingskeid».

Alt i alt er laget godt nøgde med det ein har klart å fått til i eit spesielt år.

Me håpar at me i 2022 kan møtast, og ynskjer velkomen til distriktsårsmøte i Ulvik i mars.

For Ulvik Bygdekvinnelag, Leiar Margunn Hauso



## Helsing frå styret i Hordaland Bygdekvinnelag 2021



Styret i Hordaland Bygdekvinnelag takkar for alt godt samarbeid i året som har gått. Årsmøtet var igjen digitalt og det gjekk bra med både god møteleiar og framifrå flinke tekniske folk. Styret i Hordaland Bygdekvinnelag hadde dei fleste av sine møte på dataskjerm men me hadde eit arbeidsmøte i vakre Ulvik der me brukte ein heil laurdag og la planer for vårt arbeid. Etter tre forsøk fekk me til å treffast på streif på Aga og den avslutta me med flott lunsj på Siderhuset Ola K som er ei koseleg restaurant nede med sjøen på Nå. I sommar hadde sentralstyret, administrasjonen og distriktsleiarane samling i Finnmark der Tana Bygdekvinnelag tok imot storbesøket med masse aktivitetar og kultur, ei eventyrleg oppleving seier Siv Helle Prestegard som var vår representant.

Me var blant mange frå Hordaland som var med på Inspirasjonsseminaret på Lillehammer, eit inspirerende og flott arrangement som gjer ein ekstra takksam for å vera med i bygdekvinnelaget. Lokallaga i Hordaland har gjort mykje godt arbeid i året som er gått, trass pandemien. Det var også veldig kjekt å kunna samla laga i kvar region. Bygdekvinnelaget har fått ny logo i år og me ser at dei fleste lokallaga har tatt den i bruk. Eg vil ynskja tillitsvalde hjarteleg til lukka med sine verv og håpar me skal få treffast til mange gode samvær. Administrasjonen i Norges Bygdekvinnelag har me god støtte frå som før. Takk til Hordaland Bondelag og Hordaland Bygdeungdomslag for godt samarbeid.

For styret i Hordaland Bygdekvinnelag  
Åsa Gunnarsdottir, leiar.

## Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for best mogleg økonomisk resultat frå din mjølkeproduksjon
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge

[medlem.tine.no](http://medlem.tine.no)



**TINE**





Hordaland

## PROTOKOLL

### FRÅ ÅRSMØTE I HORDALAND BYGDEKVINNELAG

#### PÅ ZOOM LAURDAG 10.APRIL 2021

Leiar, Åsa Gunnarsdottir ynskta velkomen til enda eit annleis distriktsårsmøte på Zoom, særleg velkomne var nestleiar i Norges Bygdekvinnelag Unni J.Skadsem, æresmedlem Anne Torhild Blikberg og ordstyrar Astrid Lunestad. Vertslaget Ulvik Bygdekvinnelag vart takka for førebuinga til møtet.

**Sak 1.** Nameopprop v/Brita Dagestad Bjørke  
55 deltakarar vart registrert. Ho orienterte deltakarane om det tekniske opplegget og oppmoda alle til å senda inn bilete av årsmøtedeltakarane, som kunne leggjast ut på heimesida.

**Sak 2.** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Samrøystes godkjent.**

**Sak 3.** Val av skrivarar  
**Siv Helle Prestegard og May Brit Undheim vart valde som skrivarar.**

**Sak 4.** Val av 2 medlemmer som saman med leiar skal skriva under protokoll  
**Bjørg Agersborg Grønaas og Berly Giljarhus vart valde til å skriva under protokollen.**

**Sak 5.** Handsaming og godkjenning av årsmelding  
Leiar hausta mykje skryt for fin årsmelding som også fungerer som eit oppslagsverk for distriktslaget. Det blei bestemt at Årsmeldinga vert lagt ut på heimesida til distriktslaget. Av innspel som kom inn nemner me: Fråsegn om å nytta nynorsk vart etterlyst, styret vil sjå nærare på dette. Det viser seg at nokre lag saknar informasjon som vert sendt på e-post, styret vil arbeida med å få korrekte e-postadresser. Det er fint om alle medlemmer korrigerer opplysningar på "Min Side" i Norges Bygdekvinnelag. Leiar ber medlemene nytta kontaktinfo til lokallaga (side 36), om nokon ynskjer å leiga utstyr frå laga (s.35)

**Med kommentarar, utan direkte endringar, vart årsmeldinga for 2020 samrøystes godkjend.**

**Sak 6.** Handsaming og godkjenning av revidert rekneskap  
Kasserar Helga Fossheim orienterte om ei feilføring på kr. 20 000 frå Norges Bygdekvinnelag (sjå post 2990 Anna kortsiktig gjeld), og oppdaterte opplysningar om diverse salsgjenstandar som er i distriktslaget si eiga, (sjå postane 4390, 1400 og 1460). Oppdatert rekneskap ligg ved Årsmeldinga. Styret vart oppmoda om å søkja om midlar ulike stader på grunn av manglande inntekter grunna korona. Grethe

Brundtland orienterte årsmøtet om at midlar frå nedlagde lag no skal sendast Norges Bygdekvinnelag direkte (sjå post 2961)

**Rekneskapet for 2020 med innkomne rettingar vart samrøystes godkjent, og skal leggjast ved referat.**

**Sak 7.** Leiar si tale til Årsmøtet v/Åsa Gunnarsdottir.

Det vart ikkje opna for kommentarar til leiar sin tale. Talen vart publisert på nettsida vår etter årsmøtet.

**Sak 8.** Arbeidsplan for komande år presentert av Esther Falk.

Det kom inn for slag om digitale organisasjonskurs, og meir bruk av nynorsk.

**Arbeidsplanen vart samrøystes godkjend.**

**Sak 9.** Budsjett for 2021. Presentasjon ved Helga Fossheim.

Det er budsjettet med eit underskot som vert dekkja inn av oppsparte midlar, dette for å bruka midlar som kjem medlemene til gode. Budsjett 2021 skal vera ein del av årsmeldinga.

**Budsjett for 2021 med kommentarar vart samrøystes godkjend og skal leggjast ved årsmøtereferatet.**

**Sak 10.** Innkomne saker

Sak frå Stord Bygdekvinnelag om at Bergen som årsmøtestad vert meir sentral for dei fleste.

Saka har vore på høyring, med 4 alternativ å velja mellom. Svara frå dei ulike laga låg med i årsmøtepapira. Grundig debatt leia fram til avstemming mellom 48 røysteføre.

Det kom innspel om at for ettertida måtte deltakarar kunne velje å delta på Zoom.

Også innspel om å sjå på arbeids- og ansvarsfordelinga mellom distriktsstyret og lokallaga i arbeidet med å arrangera distriktsårsmøtet. Styret ser på dette. I

diskusjonen vart det snakka om å koma med eit nytt forslag, dette vart avvist, siden det ikkje hadde vore med i høyringa. Det vart stemt over 5 alternativ, der det 5.var blank stemme.

**Alternativ 3 vart vedteke gjennom fleirtalsval.**

**Distriktsårsmøtet rullerer mellom dei 4 regionane og ulike lokallag har ansvar saman med distriktsstyret i å arrangera. Eit årsmøte delt på 2 dagar slik det er i dag. Då er det med lokale innslag frå bygda der me møtest.**

**Sak 11.** Val

Presentasjon ved leiar i valnemnda Sissel Bjelland. 48 røysteføre.

Distriktsstyret kom med forslag om at Helga Fossheim vart vald for 2 år, og Esther Falk vart vald for 1 år. Begge representantane var informert og sa seg einige i dette.

Valnemnda trekte sitt forslag, på dei to, og det vart stemt over det nye framlegget inkludert i resten av framlegget frå Valnemnda frå leiar til og med 1.vara til distriktsstyret. Det kom ikkje inn fleire endringsforslag, og det vart stemt over

valnemnda sitt forslag på tillitsvalde frå 2.vara til distriktsstyret til og med varamedlem i valnemnda.

### **Valnemnda sitt framlegg vart vedteke med endringa Helga Fossheim vald for 2 år, Esther Falk for 1 år.**

Framlegg frå valnemnda til årsmøtet om godtgjersla for tillitsvalde.

Helga Fossheim kom med forslag om at kasserar vert honorert på same line som nestleiar og skrivar, sidan laget kjøper rekneskapstenester. Ho føreslo også at Telefonmøtegodtgjersla utgår, då me nyttar Zoom til styremøte. **Begge endringsforslaga og resten av godtgjerslene vart samrøystes vedtekne.**

### **Helsing frå Norges Bygdekvinnelag ved nesteleiar Unni J. Skadsem**

Unni takka for invitasjonen og sa det har vore eit annleis år, og at me no har ei nettplattform. Ho syntest det var bra at me har kome fram til korleis årsmøta skal avviklast. Ho var imponert over alle aktivitetar og sa at arbeidsplanen treffer godt med Bygdekvinnelaget sine målsetjingar. Ho bad oss om å ta vare på lag som ikkje har så mykje aktivitetar. Det er viktig å opplysa om kva lokallaga står for. Positivt at dei er synlege på sosiale nettsider og Facebook.

Aksjonen "Bruk heile dyret" fortset for å få fram verdien av dyret og bonden sitt vellukka arbeid. 50 lag var med i aksjonen og var synlege på nett og i media. Andre aktivitetar laga kan bli med på er "Kvinner ut! Meistring og kompetanse". Viktig å ha fokus på sysselsetjing av innvandrarkvinner. Ein har blitt meir bevisst på samfunnet sitt ansvar for inkludering. Unni var stolt over prosjektet om å gje born i alder 6-16 år kunnskap om matkultur (Tradisjonsmat) og berekraftig forbruk. Ho nemnde og andre prosjekt ulike lag hald på med. Sparebankstiftinga har gjeve pengar til ulike prosjekt.

Studieforbundet "Kultur og tradisjon" har nytt søknadsskjema, der laga kan registrera kurs og søkja om støtte. Gjennom dette systemet vil aktivitetane til bygdekvinnelaga vera synlege.

Unni minner om å oppdatera medlemsregisteret. Ynskje om at medlemene går inn på "Mi side" og betalar medlemskontingenten der. Norges Bygdekvinnelag fekk 600 nye medlemmer i 2020. Ho let vel over at me reetablerer nytt lag i Etne. NBK er partipolitisk nøytral, men engasjert i aktuelle saker og vil bidra til levande bygder. Ser at lokallaga engasjerer seg i saker som er viktige lokalt.

Bygdekvinnelaga formidlar "Det gode livet i levande bygder".

NBK har ei arbeidsgruppe som arbeider med ny logo, og har arbeid i gang med å revidera valnemndsarbeid.

NBK har hatt to innspel til jordbruksforhandlingane. Eit om betre velferdsorningar til bønder, spesielt til kvinner (sjukdom og svangerskap), og eit om at ein større del av byggkorn produsert i Noreg må gå til menneskemat.

Det vart ikkje opna opp for ordveksling etter talen.

Helsing frå Ulvik Bygdekvinnelag ved Margunn Hauso. Velkomen til Ulvik på Distriktsårsmøte i mars 2022.

Ordstyrar Astrid Lunestad og teknisk ansvarleg Brita Dagestad Bjørke takka for møtet.

Leiar Åsa Gunnarsdottir takka styret som arbeider godt i lag. Styret vil fylgja arbeidsplanen og bli flinkarar til å halda budsjettet. Ho takka valnemnda, ordstyraren og deltakarane. Mange takk til Unni J. Skadsem for ein innhaldsrik og tankevekkjande tale. Takk til Grethe Brundtland som passa på at alt blei gjort rett, og Brita og Anna som gjorde det mogleg å gjennomføra distriktsårsmøtet på Zoom. Åsa ynskta alle ein framleis god dag og vel heim til dei reisande.

## Vedlegg 1, frå sak 9

Hordaland Bygdekvinnelag Budsjettforslag 2021

| Inntekter                    | Budsjett 2021 | Budsjett       |                |
|------------------------------|---------------|----------------|----------------|
|                              |               | Rekneskap 2020 | 2020           |
| Kontingent NBK               | 90000         | 81600          | 102 000        |
| Annonser årsmelding          | 19 000        | 0              | 18 000         |
| Sal NBK, Bøker, T-skjorter   | 15000         | 4250           | 38 000         |
| Momsrefusjon                 | 15000         | 19168          | 15 000         |
| Streif, tranisj.mat, o.l.    | 10000         | 12150          | 25 000         |
| NBK refusjon årsmøte         | 4000          | 4065           | 0              |
| Norsk tipping grasrotand.    | 1780          | 1780           | 2 000          |
| Årsmøte                      | 0             | 0              | 85 000         |
| Kurs, tilskot, anna ,loddsal | <u>7000</u>   | <u>7418</u>    | 22 000         |
| <b>Inntekter</b>             | <b>161780</b> | <b>130431</b>  | <b>307 000</b> |
| <b>Utgiter</b>               |               |                |                |
| Vidaresal innkjøpte varer    | 30000         | 1670           | 30 000         |
| Trykking av årsemndling m.m  | 10000         | 10068          | 11 000         |
| Kurshaldarar, mat .m.        | 10000         | 9710           | 12 000         |
| Verving/fri disp.            | 12000         | 0              | 12 000         |
| Styrehonorar                 | 50000         | 59420          | 50 200         |
| Anna kostnadsgodtgj.         | 4000          | 5336           | 0              |
| Leige lokaler                | 5000          | 4000           | 5 000          |
| Rekneskapskostnad            | 15000         | 14010          | 15 000         |
| Kurs, møte, opplæring        | 0             | 0              | 5 600          |
| Nettside,rekvisita, porto    | 7000          | 7054           | 4 500          |
| Bilgdgtj., reise og hotell   | 30000         | 18884          | 35 000         |
| Annonse overf. Årsmelding    | 4000          | 3625           | 0              |
| Kontingentar                 | 2000          | 1360           | 2 000          |
| Gåver                        | 0             | 0              | 12 000         |
| Årsmøte                      | 5000          | 2500           | 105 000        |
| Bankgebyr, div.kost.         | 300           | 826            | 273            |
| Møteutg., anna utgifter      | <u>2000</u>   | <u>3796</u>    | <u>7 427</u>   |
| <b>Driftskostnad</b>         | <b>186300</b> | <b>142259</b>  | <b>307 000</b> |
| Overskot/Underskot           | -24 620       | -11828         | 0              |
| Renteinntekter               | 2000          | 2594           | 4 500          |

## **UTVAL OG REPRESENTASJONAR 2021-20212**

|                            |  |
|----------------------------|--|
| Arbeidsutval:              | Åsa Gunnarsdottir og Brita Dagestad Bjørke |
| Medlemsverving:            | Alle representantar i styret               |
| Hordaland Bygdeungdomslag: | Brita Dagestad Bjørke                      |
| Hordaland Bondelag:        | Siv Helle Prestegard                       |

### **Arbeid i distriktsstyret 2021**

Hordaland Bygdekvinnelag hadde sitt årsmøte digitalt for andre gong. Årsmøte var den 10.april og denne gongen var me enda meir drevne og gjennomført valet også heildigitalt dermed også anonymt. Medlemer og styret er etter kvart veldig gode på å bruka Zoom og til og med lokale lag hadde sine møter via Zoom abonnementet til distriktstyret. Styret hadde 6 styremøter der 4 av dei var på Zoom. Eit møte var heil dag i Ulvik og eit på Lillehammer i samband med inspirasjons seminaret. Styret behandla 35 saker.

Etter Inspirasjons seminaret kan me stolte fortelja at Kristin Lemme , ei dama i Bjørgum Bygdekvinnelag var kåra til årets Bygdekvinne. Ho er grunder og produserer arbeidsklede for kvinner.

### **Utsending / deltaking**

Distriktsleiarsamlinga var slått saman med eit sentralstyremøte og lagt til Finnmark. Tana Bygdekvinnelag var vertskap i 2 dagar. Den 6 dagar lang turen starta i Alta, gjekk gjennom Kautekeino og Karasjokk og via Tana til Kirkenes. Siv Helle Prestegard deltok og hadde mange fantastiske opplevingar. Ho fekk mange gode kontakter med dei andre distriktslaga og styre og administrasjonen i NBK.

### **Verveaktivitetar**

I slutten av 2021 er me 751 medlemer mot 790 i 2020. Så me ser at medlemstalet har gått ned med 60 frå 2019. Men nokon av laga har auka medlemstalet, så me tenkjer at det er sikkert mange der ute som kan tenkja seg å vera med på laget når det rette tidspunktet melder seg. Hordaland Bygdekvinnelag var til Etne og hadde ope møte der, det viste seg å ikkje vera grobotn for eit nytt lag, då ingen interesserte møtte opp. Vestland Bondelag samarbeidde med vidaregåande skular om Bergen matfestivalen, dette temaet høvde ikkje for oss og me deltok difor ikkje.

### **Vitjing i lokallag**

Brita var med på årsmøte i Oppheim og Hauge. Åsa var med på årsmøte i Bjørgum Bygdekvinnelag og Ulvik Bygdekvinnelag.

### **Direktemedlemer**

Det er 10 direktemedlemer i Hordaland Bygdekvinnelag.

### **Bygdekvinne­streif**

Det var eit vellykka bygdekvinne­streif på Aga i september, med rundt 30 som møtte opp. Me fekk omsvisning på Agatunet og på Aga Sideri. Dagen vart avslutta med nydeleg servering på Siderhuset OlaK på Nå.

### **Heimesidekurs/Organisasjonskurs**

Det har ikkje vert andre kurs enn det digitale kurset i januar.

### **Samling av lokallagsstyra**

Alle regionane hadde treff i oktober-november. 3 hadde fysiske treff og 1 region hadde på Zoom. Desse møta er veldig nyttige og lokallagsstyra ynskjer å behalda dei. Fleire ynskje å ha dei 2 gonger i året.

### **Pressemeldingar**

Hordaland Bygdekvinne­lag sendte 2 lesarinnlegg til avisene i Bergen og til aviser der det ikkje er lokale bygdekvinne­lag.

### **Heidersmedlemer**

Det er to heidersmedlemer i Hordaland Bygdekvinne­lag:

Anna Torhild Før­lund Blikberg i Oppheim og Hauge Bygdekvinne­lag og Åse Willgohs i Huglo Bygdekvinne­lag. Dei vart inviterte på årsmøte.

« **Hordaland Bygdekvinne­lag nytt** » har kome ut med 2 nummer i 2021

### **Sentralstyremedlem**

Grethe Brundtland er vår kontakt frå sentralstyret i Norges Bygdekvinne­lag. Me takker henne for god hjelp og støtte i arbeidet vårt. Grethe har vert med oss på dei fleste av distriktsstyremøta.

Bilete frå årets aktivitet kan sjåast bak i årsmeldinga.

For distriktsstyret Åsa Gunnarsdottir, leiar

## **BYGDEKVINNELAGETS ETISKE KØYREREGLAR**

- Me skal akte kvarandre
- Me skal vera opne og ærlege
- Me skal visa engasjement
- Me skal vera lojale mot avtaler og slutningar
- Me skal skapa trivsel, stoltheit og glede

## Resultatregneskap 2021

| Konto                                     | Regnskap i år     | Regnskap i fjor   |
|---|-------------------|-------------------|
| <b>DRIFTSINNTEKTER</b>                    |                   |                   |
| 3101 Kontigent NBK                        | 78 618,40         | 81 600,00         |
| 3102 Annonser årsmeldinga                 | 19 000,00         | 0,00              |
| 3103 Salgsartiklar NBK, bøker             | 1 000,00          | 1 950,00          |
| 3104 Momsrefusjon                         | 14 482,00         | 19 168,00         |
| 3105 Bygdekvinnestreif                    | 9 150,00          | 12 150,00         |
| 3106 NBK midler                           | 0,00              | 4 065,00          |
| 3107 Norsk Tipping grasrotandel           | 844,90            | 1 780,10          |
| 3109 Loddsalg                             | 1 790,00          | 500,00            |
| 3110 T-skjorter                           | 0,00              | 1 800,00          |
| <b>Salgsinntekter varer/tjenester</b>     | <b>124 885,30</b> | <b>123 013,10</b> |
| 3401 Mottekne midler                      | 0,00              | 2 204,00          |
| 3440 Spesielt off. tilskudd for tjenester | 0,00              | 5 214,00          |
| <b>Offentlig tilskudd</b>                 | <b>0,00</b>       | <b>7 418,00</b>   |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                | <b>124 885,30</b> | <b>130 431,10</b> |
| <b>DRIFTSKOSTNADER</b>                    |                   |                   |
| 4300 Innkjøp salgsartiklar for videresalg | 1 670,00          | 1 670,00          |
| 4390 Beholdningsendring                   | 0,00              | 1 010,00          |
| 4500 Arb. årsmelding, mm                  | 11 418,65         | 10 068,75         |
| 4501 Innleige kurs-holdere, mat mm        | 14 118,00         | 9 710,00          |
| <b>Forbruk av innkjøpte råvarer etc.</b>  | <b>27 206,65</b>  | <b>22 458,75</b>  |
| 5330 Godtgjørelse til styre               | 45 100,00         | 59 420,00         |
| 5390 Annen oppg.pl. godtgjørelse tilf.    | 0,00              | 1 336,00          |
| <b>Lønninger, ferielønn og honorarer</b>  | <b>45 100,00</b>  | <b>60 756,00</b>  |
| 5500 Annen kostnadsgodtgjørelse           | 3 200,00          | 4 000,00          |
| <b>Andre personalkostnader</b>            | <b>3 200,00</b>   | <b>4 000,00</b>   |
| 6300 Leie lokaler                         | 750,00            | 4 000,00          |
| 6421 Vipps-gebyr                          | 66,56             | 0,00              |
| 6450 Annen leiekostnad                    | 300,00            | 0,00              |
| 6705 Honorar regnskap                     | 7 926,00          | 14 010,00         |
| 6791 Nettsideavgift                       | 3 000,00          | 1 500,00          |
| 6800 Kontorrekvisita                      | 718,90            | 1 071,20          |
| 6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.         | 1 000,00          | 0,00              |
| 6900 Telefon                              | 900,00            | 0,00              |
| 6907 Internett, Zoom-møte                 | 3 610,98          | 1 903,35          |
| 6940 Porto                                | 2 471,00          | 2 579,80          |
| 7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig      | 0,00              | 7 960,40          |
| 7140 Reisekostnad                         | 19 003,33         | 8 358,60          |
| 7160 Hotel, diett v. møter, seminar       | 22 890,00         | 2 565,00          |
| 7300 Annonse                              | 1 119,00          | 0,00              |
| 7320 Annonseinnt. overf. arrangørlag      | 5 750,00          | 3 625,00          |
| 7321 Vervebroskyrer o.l. materiell        | 85,00             | 0,00              |
| 7400 Kontingenter fradragsberettiget      | 1 890,00          | 1 360,00          |
| 7420 Gave, fradragsberettiget             | 1 330,00          | 0,00              |

| Konto                                       | Regnskap i år     | Regnskap i fjor   |
|---|-------------------|-------------------|
| 7740 Øredifferanse                          | 0,00              | -0,75             |
| 7770 Bank- og kortgebyrer                   | 229,50            | 268,50            |
| 7790 Annen kostnad                          | 1 417,50          | 57,44             |
| 7791 Årsmøte                                | 0,00              | 2 500,00          |
| 7792 Møteutg. mat                           | 817,00            | 3 796,49          |
| <b>Andre innkjøps-,tilvirkn. kostn. etc</b> | <b>75 274,77</b>  | <b>55 555,03</b>  |
| 7830 Konstaterte tap på fordringer          | 0,00              | 500,00            |
| <b>Tap på fordringer</b>                    | <b>0,00</b>       | <b>500,00</b>     |
| <b>Sum driftskostnader</b>                  | <b>150 781,42</b> | <b>143 269,78</b> |
| <b>Driftsresultat</b>                       | <b>-25 896,12</b> | <b>-12 838,68</b> |
| 8050 Annen renteinntekt                     | 1 368,00          | 2 594,00          |
| 8070 Annen finansinntekt                    | 1 700,59          | 0,00              |
| <b>Finansinntekter</b>                      | <b>3 068,59</b>   | <b>2 594,00</b>   |
| <b>Avdelingsresultat</b>                    | <b>-22 827,53</b> | <b>-10 244,68</b> |
| 8800 Årsresultat                            | -22 827,53        | -10 244,68        |
| <b>Avslutningskonti</b>                     | <b>-22 827,53</b> | <b>-10 244,68</b> |

## Balanse

|                                     |                    |                    |
|-------------------------------------|--------------------|--------------------|
| <b>EIENDELER</b>                    |                    |                    |
| 1400 Gjenstander, rollup mm         | 5 650,00           | 5 650,00           |
| 1460 Innkjøpte varer for videresalg | 13 490,00          | 13 490,00          |
| 1500 Kundefordringer                | 750,00             | 750,00             |
| 1900 Kontanter                      | 0,00               | 0,00               |
| 1920 Spb. 3546.30.41898             | 92 686,98          | 145 364,32         |
| 1922 Spb. 3530.22.17848             | 0,00               | 15 640,66          |
| 1923 Landkreditt 9365.20.64025      | 314 167,44         | 313 071,44         |
| <b>Sum eiendeler</b>                | <b>426 744,42</b>  | <b>493 966,42</b>  |
| <b>GJELD OG EGENKAPITAL</b>         |                    |                    |
| 2050 Annen egenkapital              | -426 744,42        | -449 571,95        |
| 2400 Leverandørgjeld                | 0,00               | -3 853,00          |
| 2961 Innbetalt fra nedlagte lag     | 0,00               | -20 541,47         |
| 2990 Annen kortsiktig gjeld         | 0,00               | -20 000,00         |
| <b>Sum gjeld og egenkapital</b>     | <b>-426 744,42</b> | <b>-493 966,42</b> |
| <b>Diff. eiendeler/gjeld og EK</b>  | <b>0,00</b>        | <b>0,00</b>        |



Varelager 31.12.2021.

**Post 1400.** Bøker og gaver o.l. Er gaver og gjenstander bygdekvinnelaget har fått ifb med jubileum og andre merkedagar. Dette er sett til ein sum kr. 1.000,- i rekneskapet.

Eiga liste på dette.

2 stk rollup kr. 4.650,- er og med i denne posten. **Sum kr. 5.650,-**

**Post 1460. Innkjøpte varer for videresalg.**

|  |                            |
|--|----------------------------|
| 236 stk bøker «Ord og uttrykk» a 40,- .....    | kr. 9.440,-                |
| 2 stk lagskopper u.hank a kr. 135,- .....      | kr. 270,-                  |
| 20 stk t-skjorter a kr. 50,- .....             | kr. 1.000,-                |
| 4 stk bordflagg a kr. 230,- .....              | kr. 920,-                  |
| 5 stk HBK-nåler a kr. 150,- .....              | kr. 750,-                  |
| 2 stk. HBK-nåler litt mindre a kr. 100,- ..... | kr. 200,-                  |
| 5 stk koffertmerke a kr. 10,- .....            | kr. 50,-                   |
| 1 eske navnelapper til årsmøte .....           | kr. 250,-                  |
| <b>Sum varelager .....</b>                     | <b><u>kr. 12.880,-</u></b> |

Odda 31.12.2021.

Opplev dikt og  
sogar frå mange  
tider og verdshjørne.

NYMORSK  
KULTURSENTRUM  
Haugesenteret

haugesenteret.no

The advertisement features a light green background with teal geometric shapes. At the top right, the text 'NYMORSK KULTURSENTRUM Haugesenteret' is enclosed in a stylized bracket. Below this, a photograph shows a large, light-colored building with a gabled roof and a garden with purple flowers. In the foreground, a woman with glasses and dark hair is looking at a framed document on a wall. At the bottom left, the website 'haugesenteret.no' is written in teal.

## Hordaland Bygdekvinnelag si eiga

Eldre saksdokument er arkivert hjå Hordamuseet, Hordnesvegen 24, 5244 Fana  
På kontoret hjå Vestland Bondelag i Bergen har Hordaland Bygdekvinnelag ståande nyare arkiv. I tillegg vert følgjande lagra på bondelagskontoret:



**Hordaland**

### **Bøker:**

|   |
|---|
| Bondekvinne, liv og lov   |
| Bunader i Hordaland   |
| Det gode Bygdemiljø   |
| Gjestebook Hordaland Bygdekvinnelag frå årsmøte 1966            |
| Hordaland Bygdekvinnelag 50 år 1936-1986                        |
| Krone og skaut  |
| Kultur og tradisjon - kilder til vekst og utvikling             |
| Kulturgrammatikk  |
| Kvinnegiv for bygdelig, 50 år med Norges Bygdekvinnelag (2 stk) |
| Lefser, småkaker og julekaker frå Sunnhordland                  |
| Oss mennesker i mellom  |
| Tingene forteller - registreringshåndboka                       |
| Ungdom og landbruk  |
| Vask og tekstilbehandling                                       |
| Vern og vøling av gamle hus                                     |

### **Andre eigeluter:**

|  |
|--|
| Bilete, diverse  |
| Bordflagg, Norges Bygdekvinnelag                               |
| Cd plate av Dagfinn Iversen; Elvelangs                         |
| Lysestakar, Norges Bygdekvinnelag, 2 stk                       |
| Pokal i sølv frå 1961, helsing frå Hordaland Bondelag          |
| Rollup, 2 stk (marknadsføringsplakatar)                        |
| Smijarns-bygdekvinne, frå Norges Bygdekvinnelag årsmøte i 2014 |
| Turkopp, Norges Bygdekvinnelag                                 |



## Årets Bygdekvinne

På Inspirasjonsseminaret på Lillehammer vart Kristin Lemme Bygdekvinne i Bjørgum Bygdekvinnelag kåra som årets Bygdekvinne. For nokre år sida starta Kristin eige bedrift med arbeidsklede for kvinner.

Hennar tanke er at kvinner skal ha godt tilpassa arbeidsklede som er gode å ha på i alle stillingar, ho har laga klede til alle storleikar og fasongar.

Tilbakemeldingar ho har fått er: «Dei har perfekt passform, behagelig i alle rare stillingar, har kule farger og godt snitt.» «Gode, djupe og nyttige lommer».

Hordaland Bygdekvinnelag er stolte av denne nominasjonen og ynskjer Kristin Lemme lukka til med "Flor". På bilete er bygdekvinne frå Bjørgum Bygdekvinnelag i lag med Kristin, dei viste fram litt av Kristin sin kolleksjon. (bilete er tatt av Helle Berger)

## Bygdekvinneireif på Aga og Agatunet.

11. september arrangerte distriktslaget i samarbeid med Vikebygd og Aga Bygdekvinneireif. Regnet silte ned, men etter langvarig turke, var det ingen som grein over litt regn, det var heller velkome!



grein over litt regn, det var heller velkome!

30 damer møttest i Agatunet, eit freda klyngjetun, der eldste bygningen Lagmannstova, er frå år 1220. Tunet er den største freda bondelandsbyen i Noreg med 45 hus. Grunna korona fekk me omvising ute i 2 grupper. Med munnbind på, fekk me koma inn i Lagmannstova og høyra historia om riddaren, riksråd og

Gulatinglagmannen Sigurd Brynjulvson Aga. Under paraplyar vandra me ned mot sjøen, der Joar Aga har produksjonslokala sine og lagar sider, den eine heiter sjølvsagt "Lagmann". Han serverte nypressa eplesaft og fortalde om epledyrking, pressing og siderlaging. God kvalitet på epla er grunnlaget for god sider. Han dyrkar også eldre epleortar, for å få eit rikare utval av eple i produksjonen.



Deretter køyrde me til Nå, der me fekk servert varm lunsj i den nye restauranten Siderhuset Ola K. Me hadde utlodning til inntekt for Guatemala-prosjektet til Norges Bygdekvinnelag, og noko gjekk til saldering av eit forventa underskot for distriktslaget denne dagen. Grethe Brundtland fortalde frå Distriktsleiarsamlinga i Finnmark i august, og nytt frå Norges Bygdekvinnelag sentralt. Praten gjekk og det var godt for oss å få vera saman.

Skrivar Siv Helle Prestegard.



Vil du bli medlem? Send BONDE, namn og nummer til 2030.

Bondelaget er ditt faglag som produsent og forvaltar. Bondelaget har tyngde og kompetanse til å reise saker og bli høyr. Som medlem i Bondelaget er du med å få fram kor viktig næringa er for samfunnet.

**Medlemsfordelar:**

- Råd og rettleiing innan skatt, jus og arealsaker
- Kjøpsfordelar i Agrol
- Gunstig forsikring og bank
- Bondebladet
- Unge bønder-pakke
- Gratis standardavtalar
- Kurstilbod



## **Helsing frå Vestland Bondelag**

Retningsendring i landbrukspolitikken ?

Norsk matproduksjon har vore gjennom utfordrande tider, med ein stor kostnadsvekst. Mange bønder slit med økonomien og dei som slit mest er dei som har bygd fjøs dei seinare åra. Den store kostnadsveksten på straum opplever alle i Norge som ei stor utfordring. For bonden kjem det på toppen av ein ekstrem kostnadsvekst på kunstgjødsel, drivstoff, plast mm. Totalt truar den store kostnadsveksten norsk matproduksjon. Dersom kostnadane er so store at det ikkje løner seg å produsere matkorn, so er det først og fremst Norge som nasjon som har eit problem. Legg vi til klimautfordringane og geopolitisk uro i Russland / Ukraina (som produserer 12% av all matkveite i verda), so seier det seg sjølv at Norge må sette matberedskap langt høgare på dagsorden.

Bonden sin svake økonomi har vore på dagsorden lenge, siste året med forsterka styrke. Inntekta må opp på eit nytt nivå, og matproduksjon må lønne seg. Samtidig viser regjeringserklæringa sterke innteksformuleringar som vi må tilbake til 70-tallet for å finne. Det må gi framtidshåp for den Norske bonden. Men utolmodigheita er stor, so det er avgjerande at regjeringa viser vilje til å løfte framtidssiktene til norske bønder allereie i jordbruksoppgjeret 2022.

Landbruket er attraktivt for framtidige generasjonar, uansett om det er produksjon av lam, mjølk eller eple. Den viktigaste resursen på garden er bonden sjølv. Det å skape noko sjølv, det å bruke jorda aktivt, det å få plantar og tre til å gro, bruk av teknologi; alt dette må vere attraktivt for komande generasjonar. Landbruket burde vere ein magnet for ungdom som likar praktisk arbeid. Det er ei framtid i den spreidde norske matproduksjonen, det skal vere ei framtid for alle typar gardsbruk. Norge treng Vestlandsbonden og vi er viktig for norsk sjølvforsyning.

Helsing Vestland Bondelag

v/ Anders Felde

## **Saman gjer vi det betre**

Som kunde hos oss er du med på å bidra til lokalsamfunnet der du bur. Tusen takk!





BRAKANES HOTEL

by FJORDTIND

...

*Masjinentreprenør*  
**Arne Osa**  
5730 ULVIK  
MOB. 91 10 18 95



**ULVIK**   
 **VVS**  
Tlf. 913 77 113 E-post: [rolf@ulvikvvs.no](mailto:rolf@ulvikvvs.no)

**ULVIK BENSIN-& SERVICE**  
**TRANSPORT**  
5730 Ulvik - Tlf. 911 79 749

## Frå lokallag.

### **Frå Grimo Bygdekvinnelag**

Grimo bygdekvinnelag held arven med mattradisjonar i hevd. Her er det hakkasteik som skal på menyen på siste møte før jula kjem.

Potetkaker lagde me nokre veker før og hadde klare på frysen. Me gjer det frå botnen og har solide tradisjonsberarar med oss som gjerne deler erfaring og kunne. Etter å ha ete godsakene, var det dessert - trollkrem - og pakkeleik. Alt med høveleg koronaavstand. Det har prega heile arbeidsåret. Men no ser me ljuset igjen!



### **Frå Egdetveit Bygdekvinnelag**

Arbeidsåret 20.10.20-20.10.21 i Egdetveit Bygdekvinnelag har vore prega av korona.

Det har vore lite med «formelle» møte, eitt i juni og så årsmøte i oktober. Me har for det meste halde kontakten via epost. Det har gått greitt det og, men det er så kjekt å treffast. Difor har me prøvd å kompensera dette på andre måtar. Me har, som me nok har nemnt tidlegare, ein gapahuk på Hovdane. Her har me hatt to lysfestar, ein i desember 2020 og ein i januar 2021. Godt oppmøte, fint å sitja i mørket med levande lys på bordet, og eld i bålpanna. I januar hadde me dessutan verdas vakraste fullmåne som «lommelykt». Ei flott oppleving. I august hadde me



ein sommarfest same staden. Me koka kaffi og steikte vaffler på bålpanna. Ei kjekk, men røykfyllt oppleving.

Tradisjonen tru laga me til jonsokfeiring i gapahuken. Då syter me for å ha varm grill frå kl 18.00 – både i grillen og i bålpanna. Me har med oss grillmat o.a., men serverer kaffi så langt det rekk. I år var veret fantastisk fint. Nytt navneskilt



på gapahuken vart avduka og no har den fått namnet Hovda-huken. Me tykkjer det er fint at mange nyttar staden. Sundve skule har tur hit både vår og haust.

Onsdag kvar veke går me på tur. Sommarturane som starta på 90-talet har no blitt til heilårlege turar.. Pga koronaen er ikkje turane utlyst «for alle», og difor går no alle turane på dagtid.

Strandamessa vart både i 2020 og 2021 avlyst. Hausten 2020 deltok tre av medlemene våre i eit fileringskurs i regi av Voss Husflidslag.

Helga 2.-3. oktober var det 150 år sidan kyrkjene på Strondè var bygde. I høve dette jubileet var det arrangement heile helga. Bygdekvinnelaga på Strondè og soknerådet stod



for tillaging og servering av mat i Sambygg desse dagane.

Egdetveit Bygdekvinnelag vart skipa 4. mars 1951. Me gjorde tidleg vedtak om at me i det høvet ville laga til ein bygdafest, men pandemien gjorde at dette måtte utsetjast fleire gonger. Men så vart det ein lysning på hausten, og me var snare med å invitera til fest 27. november 2021. Me hadde ei triveleg samkome der me serverte viltgryte med potetmos, kaffi

og kaker. Dette vert nok rapportert i neste årsmelding og.

Elles har me gitt uttale høve stortingsvalet om viktige saker for bygdene, og i lag med dei andre bygdekvinnelaga på Strondè vore med på lesarinnlegg om støtte til prosjektet «STAS», (Strondè Aktivitetshus). Ei oppmoding til Voss Herad om å ta initiativet til dette prosjektet og oppretthalda aktiviteten i utkantane i heradet på alvor. Me har støtta Norges Bygdekvinnelag sin Minnemynt og Hjelpefonet.



Hardanger  
Saft- og Siderfabrikk  
Lekve Gard - Ulvik

På fruktgarden Lekve kan du smake deg gjennom kultur og tradisjon.  
Vi tar imot små og store grupper for smaking og omvisning.  
Gardsbutikken held oppe heile året!

hardangersider.no



## Frå Bjørgum Bygdekvinnelag

2021 har vore eit utfordrande år i forhold til å arrangera diverse aktivitetar. Trass korona og tidvis nedstenging av landet har me i Bjørgum Bygdekvinnelag gjennomført ein god del aktivitetar.

Fyrste møtet vårt vart halde ute, ein medlems-/vervetur til ein stad i nærmiljøet om heiter Stora Demmo.



Der ligg eit lite idyllisk vatn med gapahuk, benker til å sitja på og bålpanna som alle kan bruka.

Medlemsmøtet i april var og på Stora Demmo. Temaet var pakking av sekk og enkel turmat.

I mai var det kurs i bruk av kart og kompass. Bjørgum Bygdekvinnelag har kveldsturar kvar veke frå mai til

september. Dette har vorte ein kjekk og viktig tradisjon i laget.

Solheim Ungdomshus er møteplassen til laget, der har me både styre- og medlemsmøter. Solheim vart 100 år i 2021, i det høve skulle huset få «nytt tak». Skiferhedlene måtte takast ned og vaskast for så å verta lagt på att. Bjørgum Bygdekvinnelag stillte opp på varskedugnad. Ca 10000 skiferhedler skulle vaskast. Taket på huset har no vorte riktig fint.

Laget stillte opp for å markera støtte til Voss Bondelaget etter brotet i jordbrukforhandlingane. Me har hatt 4 avisinnlegg i samband med Stortingsvalet. Norges Bygdekvinnelag og Bygdeungdomslaget trong hjelp til å syngja inn ei helsing til Norges Bondelag sitt 125 års jubileum, der stillte det opp 5 sporty damer og song. Dette vart filma og sendt til jubilaranten.



Vangskyrkja vart pynta fint til hausttakkefest, det var Bjørgum Bygdekvinnelag sin tur til dette i år. Laget har også vore med i Tradisjonamat, Bærekraftig matkunnskap. Me samarbeidar med 4H. Har gjennomført 3 samlingar i 2021. Det var ikkje berre enkelt på grunn av pandemien, men me fekk det til. Ungdommane var med på baking av flatbrød, krotakaker og brimlefsa. Så vart det hermetisering og safting og sylting på hausten. Viktig å læra unge om lokal tradisjonsmat.

Bygdekvinnestreifen på Aga og Nå var ein kjekk og lærerik tur. Diverre ikkje så mange som var med.

I september er Bjørgum Bygdekvinnelag med på Smalahovesleppet. Det er årets store dugnadoppdrag, men veldig kjekt.

Bakekurs vart det i oktober. Denne gongen var det Vossakling som skulle lærast.

I november reiste 9 damer til Lillehammer på inspirasjonsseminar. Der fekk me oppleve at Kristin Lemme, som er medlem i Bjørgum Bygdekvinnelag, vart Årets Bygdekvinne. Kristin lagar funksjonelle arbeidsklede til kvinner. Merket hennar heiter FLOR. Oss andre bygdekvinne frå Bjørgum var so heldige å få vera manekengar og syna ein del av kleskolleksjonen hennar under utdelinga av prisen. I oktober hadde laget sitt fyrsta medlemsmøte innandørs.

Årsmøte, jola-aktivitet- og adventsmøte vart halde i Solheim.

Bjørgum bygdekvinnelag ynskjer Ulvik bygdekvinnelag lukka til med årsmøtet i HBK.

### Frå Oppheim og Hauge Bygdekvinnelag

«Jamen har det vore aktivitet i laget likevell!» var ein av kommentarane etter at årsmeldinga var lesen opp på årsmøtet vårt 20.10.21. Styret har lagt vekt på omsorg og omtanke for

*Velkommen til  
bygda og Verda!*



menneska i bygda, frå dei yngste til dei eldste.

Små føter har fått varme og mjuke strikkalabbar i lag med helsing på vakkert kort.

I samarbeid med dei tre andre bygdekvinnelaga på Vossestrand har me delt ut strikkahuer med Zeromerke til førsteklassingane på barneskulen. Ei konkret gåve til borna og støtte til skulen sitt arbeid for eit godt skulemiljø og nulltoleranse for mobbing.

Fysisk aktivitet er viktig! Eldsjeler har opparbeidd skileikområde i tilknytning til Framnesbakken. Vinterdagane er korte og mørkret kjem tidleg, bygdekvinnelaget har vore med og finansiert ljosmaster med ledljøs. No kan små og

store bruka løyper og hoppbakkar utover ettermiddag og kveld.

Noregs bygdekvinnelag arbeider for gode liv i levande bygder. Eit aktivt grendalag har saman med idrettslaget Eldar utarbeidd plan for bruk av bygget som tidlegare romma Oppheim skule. Planen femner om varierte aktivitetar for alle aldersgrupper, og kommunal barnehage i del av bygget. Bygdekvinnelaga på Vossestrand skreiv støtteinnlegg som kom på trykk i lokalavisa før saka var oppe i utval for levekår og i Voss heradstyre. No ser det positivt ut, både med tanke på treningssenter og kommunal barnehage i gode lokale.

Noko medlemskontakt har det vore. Rusletur i nærområdet i mai, både langs Kongevegen og litt utetter Oppheimsdalen.

Strikkekafear har me kunna hatt når smittenivået har vore lågt. Eine strikkekafeen var utanbygds, hjå koselege «Huldra» i Flåm.

Og i november kunne me jamen laga til ein tysdagslunsj på Vossestrand omsorgstun att!



Knakande god blomkålsuppe vart det, med nybaka brød til – og allsong!  
Og gjennom heile året har laget gitt blomar, til nyinnflytta damer, til medlemmer som har runde dagar og som oppmuntring ved sjukdom.  
Oppheim og Hauge bygdekvinnelag er så absolutt tilstades, planane er klare for allsidig aktivitet så snart dette vert trygt.

### Frå Vikebygd og Aga Bygdekvinnelag



Aktiviteten i laget har vore prega av Korona-pandemien, men likevel har me møttest og hatt det moro!  
Me starta året 2021 med tur på Kvinnedagen 8. mars, og vart overraska med pressedekning og bilete i avisa. 7 turar har me gått saman, med nista, drikke og god prat. Gjester har vore velkomne, på turane våre, og me har kosa oss saman alle. Me har vore frå 4 til 9 deltakarar på turane.

Zoom har vorte ei viktig møteplattform i

Koronapandemien, og me har delteke i 3 møte der me har nytta plattformen - så me er med! Møteplassen vår i Biblioteket på Åkre gjekk over i historia 15. Juni. Bibliotekaren Ingvild Kvestad takka me av 8.6. med gåver og tale. Ho har vore framifrå å samarbeida med, og me har hatt ein god plass i biblioteket, både som møtelokale og lager for songbøker og diverse. No bur me i 3 pappøskjer, så får me sjå kvar me endar.

12 blide sommarkledde damer kosa seg med fiskesuppe på Siderhuset Ola K, og markerte at no var det sommar! Vally vart takka med tale og gåve for solid innsats som leiar i laget gjennom 6 år.

11. September arrangerte Hordaland Bygdekvinnelag og Vikebygd og Aga Bygdekvinnelag streif. Me starta opp i Agatunet med grundig omvising av Agnethe og Line ute, og kort stopp inne i Lagmannstova, dette grunna Korona. Deltakarane besøkte Joar Aga i produksjonslokalet hans, der han serverte nypressa eplemost og inspirerte oss med orientering om epledyrking, pressing og siderproduksjon. Dagen vart avslutta med varm lunsj på Siderhuset Ola K, og utlodning til inntekt for Norges Bygdekvinnelag sitt prosjekt i Guatemala.

2. september deltok me på Hausttorget på Nå med nysteikte surmjølkslappar og kaffi/saft. Folk kosa seg, sole kom etter kvart og lappane forsvann!

17. September var det Hausttakkefest i Utne kyrkje. Laget vårt stod for pynting av kyrkja og kyrkjekaffi i kyrkjerommet etter gudstenesta. Ei vakker stund med 2 dåpsborn, konfirmantar og utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Mykje folk og god song, ei gild stund i kyrkja! Utneheimen hadde trong for nytt vaffeljarn, det fekk dei i gåve frå oss.

Medrekna årsmøtet 27. Oktober 2020 har me berre hatt dette eine møte som ordinært medlemsmøte, i tillegg til 3 styremøte. Totalt har me likevel møttest og hatt aktivitet 20



gonger medrekna turane. Det seier me oss nøgd med i denne utfordrande tida me håpar å kunna ha bak oss.

Me har no 18 medlemmer.

Nå 30. oktober 2021 Siv Helle Prestegard

### Frå Voss Bygdekvinnelag

På grunn av koronaepidemien har det vore lite aktivitet i laget vårt. Medlemsmøte vart avlyst, det same vart adventsmøtet og jolafesten. Kjøkenet på Tvildemoen vart stengt 19. januar, slik at me heller ikkje kunne halda bakekurs i vårhalvåret.

Fyrst i mai vart det litt friare, då ein kunne møtast med munnbind og meteravstand. Den 23. mai hadde VBK kafeen under ei større hesteutstilling på travbanen på Kyte.

På sommarturen 8. juni vitja me Kjell og Anne Britt Himle, fyrst til Hjellegloftet som Kjell Himle har restaurert, og dinest til heimen deira på Bjørnshovden i Bordalen. Gardstunet deira er eit praktfullt syn. Det ber tydeleg preg av Kjell si soge- og kulturinteresse, og dei uvanleg gode evnene han har til å restaurera gamle bygg og skapa nye i gamal stil. Dette gav han Kongens fortjenestemedalje i 2020. Haustturen 29. august gjekk til Stalheim, med omvising på museet der. Turen var svært vellukka på alle vis.



Smalahovesleppet 16. september vart ein suksess for laget i år også. Spesielt blodpannekakene våre er veldig populære. Så å seie all maten me hadde laga, vart seld. På hausten kunne me ha bakekurs igjen. I oktober vart det kurs i baking av vossakling, flatbrød og krotakaker. Det vart også halde kurs i slakting og partering av lam og sau på Gjelland gard. Eitt vanleg lagsmøte hadde me i år. Då hadde me besøk av gullsmed Astrid Farestveit Gane og smed Jørgen S. Jørgensen frå Bømlo, som

fortalde om verksamheita deira.

Adventsmøte hadde me i år på gartneriet på Rykkje. Der lærde me å laga julekransar. Eigar Bjørg Rykke stilte med ansatte som instruktørar, og alt me trengte og meir til, så det vart mykje staseleg på dørane rundt ikring i bygda i jola!

For øvrig hadde me som vanleg baking av flatbrød på Mølstertunet fire fredagar i juli. Dette brukar vera svært populært blant turistar og besøkjarar på museet. Om det ikkje var så mange "innemøter" i året som gjekk, så har det i alle fall vore ein heil del av uteturane på måndagar. Då samlast me og går turar rundt i vossabygda på ulike plassar, uansett vêr. Friskt!



## Frå Stord Bygdekvinnelag

Sidan førre distriktsårsmøte har me i Stord Bygdekvinnelag hatt mange aktivitetar. Dessverre vart det slik at ein del planlagde arrangement ikkje kunne gjennomførast, men me vil her setje søkelys på dei aktivitetane me fekk gjennomført.

I april hadde me fotokurs i gapahuken i Hustrudalen. Me stilte også opp då Knutsaåsen omsorgssenter trengte hjelp til å klargjera eit blomebed for planting.

I byrjinga av mai fekk me arrangert ein tur til Rex Garden i Sveio. Dette er ein populær plass å reisa for å sjå på alle dei fine rododendronane og me fekk ein flott kveldstur. I slutten av månaden har me alltid ei stor utlodding av blomar på

Førland. Alle tek med heimeavla eller bortekjøpte blomar til utlodding, og det var stor stemning og eit flott gjennomført arrangement. I siste veka i

august var me på Knutsaåsen omsorgssenter og bidrog med å steike lappekaker til bebruarane der.

På hausten fekk me gjennomført fleire kjekke og interessante aktivitetar. I september

gjekk me tur til Hauglandskverna, med historietime og medbrakt nista og kaffi. Me haldt kurs for

medlemmane i å lage surkål, raudkål, og div sylta grønsaker. Det var eit fint opplegg der ein fekk lære å ta vare på haustens grøde. På slutten av månaden var det eit stort arrangement



på Leirvik, med maratonløp, konsertar og marknad.

Bygdekvinnelaget var til stades og selde store mengder lappekaker og kaffi. Det vart ein fin dag der me treffe mykje kjekke folk.

I oktober var me med og assisterte på eit tradisjonsmatkurs i regi av 4H og me var på Nordbygdo ungdomsskule der me underviste 9. og 10. trinn i lufsebakst. Årsmøtet for bygdekvinnelaget vart halde



som planlagd same månaden.

Me fekk arrangert eit kurs i takkebakst for «ikkje-medlemmar» i november. Dette vart svært vellykka og noko me skal få til fleire gonger.

Bygdekvinnelaget var og representert på NBK sitt inspirasjonsseminar på Lillehammer. Dette var som vanleg eit kjekt og godt gjennomført opplegg.

Adventsmøtet vart dessverre ikkje noko av, men vi tok med oss pakkar til pakkeleik, og korgamat til nyttårsmøtet i januar.

Framover mot våren har me lagt planar for fleire aktivitetar og dette er noko me gleder oss til. Aktivitetane og arrangementa me har delteke på har vore med fysisk oppmøte. Dette er noko me er veldig glad for og håper det kan fortsette slik framover.

Me ønskjer lykke til med årsmøtet i Ulvik.

Beste helsingar frå Stord Bygdekvinnelag.



### Frå Skare Bygdekvinnelag.

Dette året hadde vi 2 medlemsmøter og 7 styremøter.

Laget har 26 medlemmer og det syntes vi er bra.

Mykje av det vi har hatt på årsplanen har vi ikkje fått gjennomført pga koronaen, som vi no snart håper tar ein slutt.



I påsken laga vi til påskebingo saman med andre lag i bygda. Den ble avholdt på nettet. Overskotet på bingoen gjekk til 7.klasse, då dei ikkje fekk laga til 17.mai feiring. Gaven skulle være til ein klasseset. I juni, før skulen slutta, laga vi til ein kjekk

grilldag for alle på skulen. Den vart i staden for skulelunsjen som vi ikkje fekk gjennomført pga koronareglane.

I haust fekk vi førespurnad frå tilsette ved Helse Fonna Odda i forbindelse med markering av åpning av nybygg i Haugesund, om vi ville laga til veitlagraut til markeringen.

Det var vi sjølsagt villige til. Vi laga til 60 beger med graut som vi fekk god tilbakemelding på.

Vi syntes at det var kjekt å få møta medlemmer frå andre lag på Regionsmøte i Ungdomshallen i Odda, og få innblikk i arbeidet som dei har hatt gjennom året.

Ein kjekk hausttur hadde vi inn fra Hildalsstølen og til Instestøl. Litt regn og vind, men vi var godt kledd. Etter turen var vi inn på hytta til Kari Anne og varma oss med deilig eplekake og kaffe. Den årlige epleturen til Sekse og deilig lunsj og dessert på Kompaen på Lofthus blei ein tur alle koste seg på.

No starte vi med blanke ark på nytt år og håper at alt kjem til å bli bra.

  
Vekstra  
HARDANGER & VOSS AS

Alle  
typar rekneskap!  
Autorisert rekneskapskontor.  
Telefon: 58 52 07 70  
E-post: [hardanger@vekstra.no](mailto:hardanger@vekstra.no)

## Det naturlige valget



Nortura eies av bønder, styres av bønder og har samme mål som bønder - å skape best mulig økonomi for bonden.



Foto: Rune Bergsjøen / Sindre BILS



## OVERSIKT UMLEIGE I LOKALLAG

| LOKALLAG   | UTLEIGE AV  | MERKNADER  |
|--|---|--|
| Egdetveit Bygdekvinne­lag                                    | Store kasseroller til «selskapskoking»  |  |
| Fitjar Bygdekvinne­lag                                       | 2 dåpskjolar, lue/kyse, lyseblå/lyseraude silkeband. 16 store, kvite damaskdukar                                  |  |
| Granvin Bygdekvinne­lag                                      | Mannsbunader<br>Brurebunad  |  |
| Kinsarvik bygdekvinne­lag                                    | Konfirmantbunader til gitar<br>Brurebunad med krune<br>Brudgomsbunad  | Populært – må vera ute i god tid<br><a href="http://www.bygdekvinnelaget.no">www.bygdekvinnelaget.no</a> |
| Skare Bygdekvinne­lag og Odda Bygdekvinne­lag                | 2 stk konfirmasjonsbunader til gitar ><br>Brurebunad v/Husfliden i Odda   | Odda Bygdekvinne­lag administrerer for tida utleigen gutabunader   |
| Ulvik Bygdekvinne­lag  | Dåpskjole   | Kontaktperson<br>Åsa Gunnarsdottir   |
| Vikebygd og Aga Bygdekvinne­lag                              | Dåpskjole   | Kontaktperson<br>Gurid Bleie   |
| Vinje Bygdekvinne­lag  | Dåpskjole   |  |
| Vinje, Myrkdalen, Oppheim/Hauge og Egdetveit Bygdekvinne­lag | Gutebunader, kan kle opp 7 konfirmantar<br>Brudebunad, formidla utleige av brudekrune<br>Konestakk, raud og svart | Fellesprosjekt med eige rekneskap  |
| Voss Bygdekvinne­lag   | Bryllaupsbunad til herre og dame<br>Konfirmantbunader til jenter og gitar<br>Dåpskjole                            | Kontaktperson er<br>Sigrid Haug  |



## Bygdekvinnelaga i Hordaland 2021-2022

| LAG              | Stifta | Leiar                              | Adresse  | Mobiltlf | medl |
|------------------|--------|------------------------------------|--|----------|------|
| Bjørgum          | 1938   | Liv kolskår                        | <a href="mailto:lkolsk@online.no">lkolsk@online.no</a>                                       | 95242051 | 71   |
| Bu- og Ringøy    | 1930   | Gerd Rosten Bu                     | <a href="mailto:gerd.bu@outlook.com">gerd.bu@outlook.com</a>                                 | 97169904 | 20   |
| Bulken           | 1927   | Ingrid D Rolland                   | <a href="mailto:i-rollan@online.no">i-rollan@online.no</a>                                   | 97169471 | 10   |
| Børe og Sekse    | 1962   | Signe Lise Børve                   | <a href="mailto:siliborve@gmail.com">silborve@gmail.com</a>                                  | 48213341 | 6    |
| Egdetveit        | 1951   | Berly M. Giljarhus                 | <a href="mailto:Berly.mg@gmail.com">Berly.mg@gmail.com</a>                                   | 91705280 | 10   |
| Espe             | 1948   | Liv-Jorunn Liknes                  | <a href="mailto:livjorunnliknes@hotmail.com">livjorunnliknes@hotmail.com</a>                 | 90502656 | 5    |
| Fitjar           | 1952   | Lilli Ann Drønen                   | <a href="mailto:lilliann.dronen@gmail.com">lilliann.dronen@gmail.com</a>                     | 90994299 | 30   |
| Grimo            | 1956   | Mette Bleken                       | <a href="mailto:bleken.mette@gmail.com">bleken.mette@gmail.com</a>                           | 99034911 | 14   |
| Huglo            | 1954   | Eline Bruntveit                    | <a href="mailto:elib-bru@online.no">elib-bru@online.no</a>                                   | 92013087 | 17   |
| Kinsarvik        | 1948   | Helene Olsen                       | <a href="mailto:holsen@kinsarvik.net">holsen@kinsarvik.net</a>                               | 47036306 | 34   |
| Lothestranda     | 1958   | Turid Nesheim                      | <a href="mailto:turid.nesheim@idata.no">turid.nesheim@idata.no</a>                           |          | 8    |
| Myrkdalen        | 1948   | Anne-Marit Skjervheim              | <a href="mailto:amskjervheim@gmail.com">amskjervheim@gmail.com</a>                           | 90623552 | 15   |
| Odda             | 1948   | Liv Solfrid Lono                   | <a href="mailto:livlono@online.no">livlono@online.no</a>                                     | 91881736 | 15   |
| Omvikdalen       | 1928   | Esther Falk                        | <a href="mailto:esther.lundshagen@outlook.com">esther.lundshagen@outlook.com</a>             | 97482887 | 133  |
| Oppheim og Hauge | 1953   | Bjørg Håland                       | <a href="mailto:bes_5713@hotmail.com">bes_5713@hotmail.com</a>                               | 48380971 | 36   |
| Osterøy          | 2004   | Gerd Karin Njåstad                 | <a href="mailto:njaastadgerdkarin@gmail.com">njaastadgerdkarin@gmail.com</a>                 | 48000637 | 25   |
| Røldal           | 1947   | Borgny Hagen                       | Bygdavegen 43, 5760 Røldal<br><a href="mailto:gerdhhagen@gmail.com">gerdhhagen@gmail.com</a> | 47673002 | 8    |
| Skare            | 1949   | Brynhild Riise                     | <a href="mailto:brynhild.riise@gmail.com">brynhild.riise@gmail.com</a>                       | 91120218 | 26   |
| Stord            | 1930   | Marit-Anne Heimvik                 | <a href="mailto:maritanne.heimvik@sklbb.no">maritanne.heimvik@sklbb.no</a>                   | 90518122 | 26   |
| Sveio            | 1956   | Kristi Henden Tveitaskog           | <a href="mailto:kristi@tveitaskog.com">kristi@tveitaskog.com</a>                             | 91348168 | 11   |
| Tysnes           | 1956   | Jorunn S Bjordal                   | <a href="mailto:Jorunnsb48@gmail.com">Jorunnsb48@gmail.com</a>                               | 95066576 | 33   |
| Ulvik            | 1932   | Margunn Hauso                      | <a href="mailto:margunn.hauso@gmail.com">margunn.hauso@gmail.com</a>                         | 40007129 | 75   |
| Vikebygd og Aga  | 1956   | Siv Helle Prestegard               | <a href="mailto:Siv22h@hotmail.com">Siv22h@hotmail.com</a>                                   | 92245880 | 18   |
| Vinnes           |        | Gerd Skåtun                        | <a href="mailto:optiskzoomer@gmail.com">optiskzoomer@gmail.com</a>                           | 98885256 | 5    |
| Vinje            | 1948   | Kjellaug Dagestad                  | Holbygdvegen 249, 5713 Vossestrand   | 97510392 | 7    |
| Voss             | 1925   | Hallbjørg Gjøstein                 | <a href="mailto:hallgjoe@online.no">hallgjoe@online.no</a>                                   | 92612036 | 54   |
| Øystese          | 1928   | Therese Rykkje                     | <a href="mailto:rykkje_t@hotmail.com">rykkje_t@hotmail.com</a>                               | 97678274 | 33   |
| Åsane            | 1982   | Brita Toppe                        | <a href="mailto:brita.toppe@gmail.com">brita.toppe@gmail.com</a>                             | 48254298 | 3    |
| 28 lokallag      |        |                                    |  |          |      |
| direktemedlemer  |        | Med Granvin og Bømlo               |  |          | 5    |
| Støttemedlemer   |        | Direkte i Hordaland Bygdekvinnelag |  |          | 5    |
| Total medl.      |        |                                    |  |          | 750  |

# DEN *dengrone* KAFÉ

[www.dengronekafe.no](http://www.dengronekafe.no)



# HARDANGER

PANORAMA LODGE

## Bilete frå året som gjekk.



## Hordaland



*Brita og Anna hadde stødig hand om det tekniske på årsmøtet 10.april 2021*

*Og me måtte ha næringsrik suppa og litt dessert i pausen. Åsa og Brita koser seg.*



*Eit heildags styremøte i Ulvik gav høve til å ta lunsj pausen utendørs.*

*Og her står styret under eit epletre og let som dei "Plukkar plommer i Hardanger" ein song til Bondelaget som vart spelt inn til deira jubeleum.*



*Distriktsleiarssamlinga i Tana var spennande og bød på mange opplevingar. Her er dei i lavvo og høyre på joik. Og denne tallerken har marg av reinsdyr, blodkake og reinsdyrtunga.*



*På Bygdekvinneferien var me på restauranten "Siderhuset Ola K" fekk me sjømatssuppe og me hadde loddtrekning der Siv og Helga måtte springa rundt med lodd og gevinster.*



**Hordaland**



*Ei veldig kjekk oppleving for styret i Hordaland Bygdekvinnelag er å få delta på Inspirasjonsseminar. Denne gongen på Lillehammer.*





*Og her er alle frå Hordaland Bygdekvinnelag som var med på Inspirasjonsseminaret på Lillehammer. Du kan også sjå Jorun Henriksen leiar i Norges Bygdekvinnelag med oss på bilete.*

**Noko av det vi tilbyr;**

- Bilreklame / solfilm / foliering
- Skilt / dekor
- Storformat / plakat / banner
- Profileringsartiklar og klede
- Utforming / trykking

**ODDA TRYKK & REKLAME**

Ring, skriv eller besøk oss på Hjello!

53 65 03 20   Hjellovegen 14, 5750 Odda   post@oddstrykk.no   oddstrykk.no



# Hordaland

## Kvifor medlem i bygdekvinnelaget?

- Kjekt og lærerikt kvinnenettverk😊
- Arbeider for levande bygder
- Medlemsbladet Bygdekvinner
- Bygdekvinneses Hjelpesfond
- Juridisk hjelpetelefon
- Rabatt på Riksteateret og LevLandlig
- *Fordelar hjå Landkreditt*
- *Agrolavtalen; over 40 rabattavtaler: Brilleland, hotell, bil, straum, dekk og bilrekvisita, med mer*

*På nettsida [www.bygdekvinnelaget.no](http://www.bygdekvinnelaget.no) finn du mykje informasjon om Norges Bygdekvinnelag.*